

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 17.02.2011
Sakhandsamar: **Jan Erik Lorentzen, Erik Sverrbo m.fl.**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per desember 2010**

Arkivsak
2010/111/
Styresak 016/11 B

Styremøte 03.02. 2011

Forslag til vedtak

Styret tek rapportering frå verksemda per 31. desember 2010 til etterretning.

Oppsummering

I samband med årsavsluting av 2010 har helseføretaka fått ei utvida tidsfrist for rapportering denne gongen. Dette gjer at ein ikkje har tal tilgjengeleg for aktivitetsrapportering per desember 2010.

Ventetidsutviklinga slik den ser ut per desember 2010 syner at dei gjennomsnittlege ventetidene i hovudsak har gått ned frå august til november 2010, men har vore stabile eller gått litt opp i desember 2010. Ventetidene er framleis noko lengre enn for eit år sidan både innan somatikken, BUP og psykisk helsevern for vaksne. Innan alle fagområde er ventetidene framleis kortast for dei prioriterte pasientane. Dette gjeld både for pasientar som er tatt til behandling og for pasientar som framleis ventar.

I skrivande stund er ikkje endeleg økonomisk resultat klart i føretaka. Administrerande direktør vil presentere føretaka sine økonomiske resultat for 2010 i styremøtet.

Heile biletet over sjukefråværet og bemanninga i månadsverk er ikkje klar når denne saka vert skreve. Resultata vert presentert i styremøtet.

79 prosent av dei spurde har svært eller ganske stor tiltru til spesialisthelsetenesta i desember.

Fakta

Denne rapporten er utarbeidd med basis i informasjon per 31. desember 2010. Under sak 74/06 B og sak 80/07 finn ein oversikt over indikatorane brukt i rapporten med tilhøyrande definisjon. Grenseverdiar som er vedtekne av styret finn ein i sak 14/07 B og sak 80/07.

Den helsefaglege delen av verksemdrapporteringa består av fire målekort: aktivitetsutvikling, ventetidsutvikling, epikrisetider og tertialsvise indikatorar. Dei tre første målekorta består i all hovudsak av månadlege indikatorar, medan det siste målekortet har tertialsvise indikatorar.

Kommentar

1. Aktivitetsutvikling


I samband med årsavsluting av 2010 har helseføretaka fått utvida tidsfrist for rapportering denne gongen. Dette gjer at ein ikkje har tal tilgjengeleg for aktivitetsrapportering per desember 2010.

2. Ventetidsutvikling

I styrerapporteringa blir tal for ventetidsutviklinga henta frå det regionale datavarehuset, som er utvikla innan prosjektet "heilskafeleg styringsinformasjon". Datagrunnlaget i datavarehuset er det same som Norsk pasientregister nyttar til nasjonal statistikk. Data blir handsama etter dei same reglane, men små avvik kan førekome.


Den samla gjennomsnittlege ventetida for dei behandla var i desember 2010 på 76 dagar, og for dei ventande 95 dagar. Forskjellen på disse to måla er litt forenkla at den ventande populasjonen inneheld mange langtidsventarar som påverkar ventetida, samt at den same populasjonen er meir påverka av feilregistreringar. Til dømes pasientar som alt har starta behandling ved sjukehuset, pasientar ikkje lengre ønskjer behandling, pasientar som har blitt behandla ein annan stad eller pasientar som har døydd, men som framleis står feilregistrert som ventande. Figuren nedanfor viser korleis dei gjennomsnittlege ventetidene varierar mellom helseføretaka for pasientar som har starta behandling, for alle fagområda samla.

Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – alle fagområde



Den samla gjennomsnittlege ventetida for dei pasientane som framleis ventar, fordelt per helseføretak, er vist i figuren nedanfor.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – alle fagområde




Somatikk

For dei fire helseføretaka i regionen har dei gjennomsnittlege ventetidene for ventande innan somatikken gått nedover i perioden frå august til november 2010. Dette gjeld både for ventande med prioritet og for ventande utan prioritet. I desember 2010 var det ei utflating i ventetida for ventande med prioritet, medan den gjekk opp for pasientar utan prioritet.

For pasientar med prioritet var ventetida ved utgongen av desember 2010 65 dagar i gjennomsnitt, noko som er 1 dag lengre enn førrre månad, og 7 dagar kortare enn ved utgongen av desember 2009. For pasientar utan prioritet var den gjennomsnittlege ventetida 132 dagar, noko som er 14 dagar lengre enn til same tid i 2009.


Gjennomsnittleg ventetid og tal ventande innan somatikk



Den samla gjennomsnittlige ventetida for alle som framleis venta på behandling ved utgongen av desember 2010 var 95 dagar innan somatikken. Den samla ventetida ligg dermed 4 dagar høgare enn i november 2010, og er i gjennomsnitt 2 dagar lengre enn til same tid i 2009. For pasientar som starta behandling i desember 2010 var den samla gjennomsnittlige ventetida 76 dagar, noko som er 3 dagar kortare enn førre månad og 9 dagar lengre enn ved utgongen av desember 2009.

Helse Fonna HF var det helseføretaket som hadde dei kortaste gjennomsnittlige ventetidene ved utgongen av desember 2010, både for ventande med prioritet (52 dagar) og for ventande utan prioritet (103 dagar). Dei gjennomsnittlige ventetidene for ventande med prioritet ved dei andre helseføretaka var 61 dagar i Helse Førde HF, 65 dagar i Helse Bergen HF og 71 dagar i Helse Stavanger HF ved utgongen av desember 2010. Dei gjennomsnittlige ventetidene for pasientar utan prioritert var 119 dagar i Helse Førde HF, 121 dagar i Helse Stavanger HF og 158 dagar i Helse Bergen HF.


Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – somatikk



I figuren over er utviklinga i den samla gjennomsnittlige ventetida, både for pasientar med og utan prioritet, vist slik den fordeler seg per helseføretak innan somatikken.

Ser ein på dei gjennomsnittlege ventetidene for pasientane som starta behandling i desember 2010, så var dei 68 dagar for prioriterte og 91 dagar for ventande utan prioritet. For prioriterte pasientar er dette 7 dagar lengre gjennomsnittleg ventetid enn i desember 2009, og 4 dagar kortare en førré månad. For behandla pasientar utan prioritet er ventetida 14 dagar lengre for enn for eit år sidan. og 5 dagar kortare enn i november 2010.

Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – somatikk



Den samla utviklinga i gjennomsnittleg ventetid for pasientar som er tatt til behandling, slik den fordeler seg per helseføretak er vist i figuren ovanfor.

Psykisk helsevern for barn og unge

Innan psykisk helsevern for barn og unge (BUP) har ventetidene i hovudsak peika nedover sidan august 2010 både for pasientar med og utan prioritet. For pasientar utan prioritet forset denne nedgongen i desember 2010, medan ventetidene går noko opp for ventande med prioritet.


Gjennomsnittleg ventetid og tal ventande innan psykisk helsevern for barn og unge (BUP)



Den gjennomsnittlege ventetida for ventande med prioritet var 57 dagar ved utgongen av desember 2010. Dette er 9 dagar lengre enn ved utgongen av førré månad og 2 dagar lengre enn i desember 2009. For dei ventande utan prioritet var den gjennomsnittlege ventetida per desember 2010 88 dagar, noko som er 20 dagar kortare enn for eit år sidan. Figuren over syner også at den gjennomsnittlige


ventetida framleis er lågare for pasientar med prioritet, enn for dei utan prioritet. Samla gjennomsnittleg ventetid for alle som venta innan BUP ved utgongen av desember 2010 var 61 dagar, medan ventetida for pasientane som starta behandling i desember 2010 var 64 dagar i gjennomsnitt. Både for ventande og behandla var den samla ventetida kortare enn for eit år sidan.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – BUP



Dei gjennomsnittlege ventetidene for pasientar med prioritet var kortast i Helse Førde HF ved utgongen av desember 2010 med 24 dagar i gjennomsnitt. Ventetidene for prioriterte i dei andre helseføretaka var 39 dagar i Helse Stavanger HF, 36 dagar i Helse Bergen HF og 93 dagar i Helse Fonna HF. Dei gjennomsnittlege ventetidene for pasientar utan prioritet varierte frå 82 dagar i Helse Førde HF til 130 dagar i Helse Bergen HF.

Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – BUP




Ventetida for prioriterte pasientar som blei tatt til behandling i desember 2010 var 52 dagar, noko som er 13 dagar kortare enn for eitt år sidan. Talet på pasientar utan prioritet som startar behandling er svært lågt, noko som gir store variasjonar i dei gjennomsnittlege ventetidene. I gjennomsnitt var ventetida 202 dagar for pasientar utan prioritet som blei tatt til behandling i desember 2010, noko som i gjennomsnitt er 35 dagar lengre enn for eit år sidan.

Psykisk helsevern for vaksne


Av figuren som syner utviklinga i gjennomsnittlege ventetider innan psykisk helsevern for vaksne ser ein at ventetidene har gått ned dei fire siste månadene for ventande med prioritet, men gjekk opp i desember 2010 for ventande utan prioritet. Ved utgongen av desember 2010 var den gjennomsnittlege ventetida for ventande med prioritet 47 dagar og 131 dagar for dei utan prioritet. For pasientar med prioritet er denne ventetida i gjennomsnitt heile 48 dagar kortare enn for eitt år sidan og 1 dag lengre enn i november 2010, medan ventetida var identisk med ventetida november 2009 for pasientar utan prioritet. Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle ventande var 98 dagar per utgongen av desember 2010. Dette er i gjennomsnitt 4 dagar kortare enn i desember 2009. For pasientane som starta behandling i desember 2010 var den samla gjennomsnittlege ventetida 63 dagar, noko som er 9 dagar lengre enn i desember 2009.

Gjennomsnittleg ventetid og tal ventande innan psykisk helsevern for vaksne




Helse Førde HF og Helse Bergen HF hadde dei kortaste gjennomsnittlege ventetidene for prioriterte pasientar ved utgongen av desember 2010 med 40 dagar, medan Helse Stavanger HF hadde dei lengste gjennomsnittlege ventetidene for dei same pasientane med 56 dagar. Dei gjennomsnittlege ventetidene for prioriterte pasientar i Helse Fonna HF var 52 dagar ved utgongen av desember i fjor. For ventande utan prioritet varierte dei gjennomsnittlege ventetidene frå 82 dagar i Helse Stavanger HF til 219 dagar i Helse Bergen HF.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – PH vaksne



Ventetida for dei pasientane som blir tatt til behandling innan psykisk helsevern for vaksne ligg framleis lågare enn ventetidene for dei som framleis står på venteliste. For prioriterte pasientar som vart tatt til behandling i desember 2010 var den gjennomsnittlege ventetida 53 dagar, noko som er 1 dag kortare enn for 12 månader sidan. For pasientar utan prioritet var den gjennomsnittlege ventetida for pasientar som starta behandling i desember 2010 var 81 dagar, noko som er 12 dagar lengre enn for eit år sidan.

Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – BUP



3. Epikrisetid

I november 2010 var delen epikrisar sendt innan 7 dagar 68 % innan somatikk, medan delen låg på 65 % innan psykisk helsevern. Det generelle biletet er at epikrisetidene i regionen har halde seg relativt stabile dei siste 12 månadene, med i hovudsak ein høgare prosentdel sendt tidsnok innan psykisk helsevern enn innan somatikken.


Innan psykisk helsevern har Helse Førde HF klart å nå målsettinga om 80 % epikrisar sendt innan 7 dagar enkelte månader det siste året. I sommar og haust har og Helse Bergen HF klart denne målsettinga, medan Helse Fonna HF og Helse Stavanger HF ligg rundt 65 % - 75 %.

I Helse Førde HF klarte dei og å nå målet om minst 80 % epikrisar sendt innan 7 dagar innan somatikken i perioden frå juni til august 2010. I november 2010 låg Helse Førde HF på 84 %, Helse Fonna HF låg på 72 %, Helse Bergen HF låg på 68 %, medan Helse Stavanger HF hadde 61 %.

4. Korridorpasientar

På styremøtet i desember 2010 blei det semje om at rapportering på korridorpasientar i Helse Stavanger og i psykiatrien i Helse Bergen skulle gå inn som ein del av den ordinære rapporteringa frå verksemda. Figuren under viser utviklinga i bruken av korridorpllassar per veke innan psykisk helsevern i Helse Bergen HF og innan somatikken i Helse Stavanger HF, i siste halvdel av november 2010 og i desember 2010.

Prosentdel korridorpasientar i Helse Bergen og Helse Stavanger per veke



Situasjonen i Helse Bergen sidan siste rapportering er framleis ikkje tilfredsstillande. Det er nytta korridorpllassar i store deler av desember månad, til saman 97 plassar. Saken blir følgt opp i tett dialog med Helse Bergen, som prioriterar arbeidet med å finne fram til løysingar som sikrar ei drift utan bruk av korridorpllassar.

Innan psykisk helsevern i Helse Stavanger er det gjennomgåande lav bruk av korridorpllassar i perioden og i gjennomsnitt 0,1 per dag.

Innan somatikken har delen korridorpasientar vore rundt 3,5 % til 4 % i heile perioden, noko som betyr om lag 25 til 30 korridorpasientar per dag. Det har vore moderat bruk av pasienthotellet og korridorbruken har og samanheng med mange utskrivingsklare pasientar i sjukehuset.

5. Økonomi

5.1 Resultat og prognose 2010

I skrivande stund er ikkje endeleg økonomisk resultat for året 2010 klart i føretaka. Føretaka sine økonomiske resultat vil bli presentert i styremøtet.

6. Medarbeidarar

Heile biletet over sjukefråværet og bemanninga i månadsverk er ikkje klar når denne rapporten blir skriven. Resultata blir presentert i styremøtet.

7. Omdømme

Omdømme	Resultater	Mål	Status	=
Samfunn				
Tiltro til tjenesten	79	80	●	
Avvik tiltro pasienter/pårøren...	-1	0	●	
Inntrykk av det regionale hels...	59	80	●	
Pasienter og pårørende				
Avvik tiltro pasienter/pårøren...	-1	0	●	
Avvik tiltro pasienter og pårø...	1	0	●	

7.1 Tiltro til tenesta – desember månad

(Tala refererer til kor mange som har svært eller ganske stor tiltro).


Prosentdelen som har svært eller ganske stor tiltro til spesialisthelsetenesta er i desember 79 prosent. Dette er ein oppgang på 1 prosentpoeng frå november.

Det er tilbakegang for Helse Stavanger (frå 80 til 78 prosent) og Helse Fonna (frå 77 til 73 prosent), men framgang for Helse Bergen (frå 80 til 82 prosent) og Helse Førde (frå 75 til 76 prosent).

Rangert meget stor tiltro eller ganske stor tiltro

Plass	Enhet	Prosent	Status
1	Helse Bergen	82%	●
2	Helse Stavanger	78%	●
3	Helse Førde	75%	●
4	Helse Fonna	73%	●

Utvikling over tid meget og ganske




7.2 Forskjell i tiltro i gruppa pasient/pårørende samanlikna med gruppa andre

I desember er denne på -1 prosentpoeng. Dette betyr at tiltroa er litt lågare blant dei som har vore i kontakt med spesialisthelsetenesta i forhold til dei som ikkje har vore i kontakt dei siste tre åra.

7.3 Inntrykk av det regionale helseføretaket

Inntrykket av det regionale helseføretaket er i desember på 59 prosent. Dette er det same som i november. Dette er framleis godt over gjennomsnittet for alle målingane, som inkludert med novembermålinga er 57,2 prosent.



7.4 Forskjell i tiltru mellom gruppa *pasientar* og gruppa *pårørande*:

Denne er for desember på -1 prosentpoeng, noe som betyr at tiltrua til spesialhelsetenesta er litt lågare blant dei som sjølve har vore pasientar dei siste tre åra enn blant dei som berre har vore pårørande. I novembermålinga var denne indikatoren -2 p